


Spå



- 1 Skriv ut arket.
- 2 La elevane skrive på fire oppgåver sjølve i dei tomme rutene.
- 3 Klipp ut og brett spåen.
- 4 To og to spelar. Ein styrer spåen (styrar), ein vel ruter (veljar).
- 5 Veljaren vel eitt av dei fire kvadrata på toppen. Styraren stavar ordet medan han brettar spåen ut og inn med fingrane.
- 6 Hald spåen open. Veljaren vel eit tal inni spåen. Styraren tel opp til talet veljaren valde, samtidig som han brettar spåen ut og inn med fingrane.
- 7 Gjer om att førre punkt eit par gongar.
- 8 Den tredje eller fjerde gongen veljaren vel eit tal, opnar styraren spåen og les instruksjonen. Veljaren gjer det som står i instruksjonen.